

Det Kongelige Klima og Miljø Department  
Pr epost postmottak@kld.dep.no

4. desember 2023

## **«23/5569 innspill til natur- og klimameldinger»**

AT skog syner til Norges skogeigarforbund sine viktig høyringsvar 29/11/23 til klimautvalet og høyringsinnspel 12/5/23 NY globale naturavtale.

I AT skog sine område er det stor variasjon både i det produktive skogareal og blant skogeigarane / og eigedom storleik.

Viktig at i meldingane balansera mellom eit aktivt skogbruk og eit trygt biologiske mangfald i dei riktig skogtypane. T.d. Vestlandet har ein 20 % kulturskog og resten har naturskog preg. Det bety, og på det aktivt skogarealet som er 100 % skog sertifisert, næringa har etter undersøking 30 % ulike restriksjonar i forhold til det biologiske mangfalte.

For å auka CO<sub>2</sub> opptak på det aktivt skogareal må ein ha sterkt fokus på aktivt forvaltning, men dei riktig rammevilkår og lovverk. Aktiv forvaltning som planting etter hogst, ungskogpleie, tynning, gjødsling, påskoging m.m. er tiltak som bidrar til auka CO<sub>2</sub> opptak utan at det går utover det biologiske mangfald.

### Frivillig vern.

AT skog største leverandør av naturreservat gjennom frivillig vern av skog. Det er stor interessant blant våre medlemmer og skog i vårt område for å få vurderte areal for vern. FRIVLLIG VERN av skog er suksess og ikkje berre får ein sikra areal som naturreservat, men ein får grunneigar som har eigarskap til reservat, forvaltning får etablert ein svært god dialog for den vidare forvaltning av slike områder.

I AT skog sine område særskilt på Vestlandet er det store areal med naturtype som me har internasjonal ansvar for. Verne prosent i dette område er låg i forhold elles ein har i landet, og difor er store etterslep.

## Avskoging

Forsking dokumentar at 60 000 daa kvart år vert avskoga, dette er dramatiske tal. For med avskoging så miste ein både CO<sub>2</sub> opptak og redusera kraftig det biologiske mangfald. For produksjon av det berekraftig karbon i det grøne skifte er avgjerande ledestjerne i vårt arbeid for å halda 1,5 grad målet til FN.

Tiltak må settast inn for å bremse denne avskoging.

For At skog

Jan Ivar Rødland

Næringspolitisk og Teamleder Frivillig vern